



Isdal felles v/Vidar Ingebregtsen

Isdal 57

5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3696 - 19/10210

Saksbehandlar:

Nils Kaalaas

NIK@lindas.kommune.no

Dato:

28.03.2019

## Svar på søknad om bygging av Isdalvegen gbnr 185/1-7

Dokument:

Søknad om bygging av landbruksveg gbnr 185/1-7 innkome 07.12 2018

Søknaden sendt regionale mynde til uttale 04.01. 2019

Brev frå Hordaland Fylkeskommune 30.01. 2019

Brev frå Fylkesmannen

Søknaden:

Det vert søkt om bygging av ein ca 900 meter lang skogsbilveg vegkl 4 som vil løysa ut ca 400 da kulturskog med gran. I den kulturfaglege uttalen frå Hordaland fylkeskommune skriv dei at det ikkje er registrert eller at dei har kjennskap til kulturminner i området, men dei gjer merksam på varslingsplikt ved funn.

Fylkesmannen har heller ikkje merknad til tiltaket, bortsett frå at dei peikar på at ein under arbeid i området må unngå at det vert avrenning til Langavatnet.

Vurdering:

Vegen vil løysa ut eit forholdsvis stort samanhengande plantefelt med granskog som vart planta på midten av 60 talet. Ut frå dette vil det vera heimel for å bygga vegen etter Forskrift om bygging av landbruksvegar. Kommunen har og vurdert søknaden etter § 7 i Naturmangfallova utan at ein kan sjå at vegbygging og drift i området kan ha verknad på naturmangfallet. Bygging av vegen vil heller ikkje føra til auka fare for flaum og ras, så langt ein kan vurdera det. Men ein vil likevel minna om merknaden frå Fylkesmannen om at ein må unngå avrenning frå jordmassar mot Langavatnet, når det vert arbeidd med vegen og hogst i området. Det har vore muntleg kontakt mellom landbrukskontoret og VA avdelinga i kommunen om vegen og då det er ein hovedvassleiding i området så ønskjer dei at dei vert varsla før arbeidet tek til. Ein er og kjend med at det går telefon kablar som ein må kryssa ved start av vegen. Her må det og varslast slik at ein kan ta dei førehandsreglar som er nødvendige, då det i perodar kan vera betydeleg tungtrafikk på denne vegen.

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Vedtak:

Det vert synt til saksutgreiing og vurdering og med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av Isdalsvegen. Dette er då under føresetnad av at dei etatar som er nemde i vurderinga vert varsla før arbeidet startar.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Isdal felles v/Vidar Ingebregtsen

Isdal 57

5916

ISDALSTØ